

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 23.11.2007
Sakhandsamar: Åsmund Norheim
Saka gjeld: **Felles miljøpolitikk for Helse Vest**

Arkivsak

2003/454/069

Styresak 104/07 B**Styremøte 04.12. 2007****Bakgrunn:**

Regjeringa fastsette i 2001 følgjande mål for å integrere miljøhensyn i statlege verksemder:

Alle statlege etatar og verksemder skal innan utgangen av 2005 ha innført miljøleiing som ein integrert del av styringssystemet til organisasjonen.

Prosjektet er kalla: "Grønn Stat" og er iverksett av Miljøverndepartementet.

I styringsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet til dei regionale helseføretaka for 2004 er det stilt krav om at helseføretaka innfører miljøleiing som ein integrert del av styringssistema sine innan 2005. Dette kravet har Helse Vest RHF vidareført i styringsdokumentet til helseføretaka. Helseføretaka rapporterer på miljøkrava som ligg i "Grønn stat" gjennom årleg melding.

I strategidelen til Helse 2020, som nyleg er vedtatt av styret, er det under pkt 2, Innleiing, uttalt ei målsetting som får relevans for det framtidige arbeidet med miljøvern i helseføretaka:

"Arbeidet med Helse 2020 har mellom anna lagt til grunn følgjande: Vi legg vekt på at den samla verksemda vår skal vere miljøbevisst og vil handle deretter."

I rettleiingane som følgjer med prosjektet "Grønn stat" er det særleg peika på 4 miljøområde som må fylgjast opp og som representerer eit minimum av dei områda som skal vere gjenstand for miljøleiing. Desse er:

- *Avfall
- *Transport
- *Energi
- *Innkjøp

Gjennom den årlege miljørapporteringa frå helseføretaka registrerer Helse Vest at det er betydelege forskjellar mellom helseføretaka i regionen når det gjeld status i arbeidet i høve målsetjingane som er nedfelte i "Grønn stat". Helse Bergen HF har organisert arbeidet med ei miljøstyringsgruppe leia av administrerande direktør og ei faggruppe der miljøkompetansen er samla. Helseføretaket har dessutan 2 heiltidsstillingar som arbeider med miljøspørsmåla i helseføretaket. Ein av divisjonane er ISO-sertifisert. Helseføretaket har kartlagt miljøaspekta og utarbeidd mijøpolicy og miljømål for verksemda. Helseføretaket utarbeider årleg miljørapport.

Miljørapporteringa i dei øvrige helseføretaka er ikkje så strukturert og heilheitleg som i Helse Bergen. Helseføretaka manglar miljøpolicy og miljømål som er forankra i leiinga. Organiseringa av miljøansvaret er heller ikkje forankra tydeleg nok i leiinga av føretaket.

Kommentarar:

Med bakgrunn i at status i miljøarbeidet i helseføretaka er variert og langt på veg manglar forankring i overordna policy og målstyring, bør det vedtakast ein felles miljøpolitikk og felles overordna miljømål for helseføretaka i Helse Vest. Miljøpolitikken representerer eit styrande dokument og bør vedtakast av styret i Helse Vest RHF før den blir lagt fram for helseføretaka. Dessutan bør helseføretaka oppmodast til å forankre miljøarbeidet i leiinga av føretaket.

I inneverande år er det oppretta eit regionalt, fagleg nettverk for miljøvern i Helse Vest der helseføretaka saman med Helse Vest RHF er representert. Målsetjinga med nettverket er å styrke miljøvernarbeidet i helseføretaka og understøtte arbeidet med å organisere og byggje opp miljøleinga i helseføretaka. Hittil har det vore naturleg å dra nytte av arbeidet som er gjort i Helse Bergen.

Med utgangspunkt i arbeidet som er gjort i Helse Bergen har det regionale miljønettverket utarbeidd forslag til ein felles, overordna miljøpolitikk for helseføretaka i Helse Vest. Miljøpolitikken som blir vedtatt for Helse Vest vil gi retning og føringer for helseføretaka sitt miljøarbeid og må derfor forankrast i styret for Helse Vest

Ein føreslår at den overordna miljøpolitikken for Helse Vest består av to element: Ein felles miljøpolitikk og eit sett med felles miljømål. Sidan status i utviklinga av miljøarbeidet er forskjellig i helseføretaka, bør den overordna miljøpolitikken og dei overordna miljømåla for Helse Vest vera fleksible slik at dei gir rom konkret tilpassing i helseføretaka. Administrerande direktør føreslår følgjande overordna miljøpolitikk for Helse Vest:

1. Felles miljøpolitikk:

*Helseføretaka i Helse Vest skal vere i fremste rekke innafor miljøvennleg drift av sjukehus og institusjonar.

Presisering;

- Følgje opp myndighetene sine krav i samband med 'Grønn Stat'
- Følgje opp krav i gjeldande lover og forskrifter
- Setje miljømål som minimum tilfredstiller dei til ei kvar tid gjeldande krav frå myndighetene.

*Vi skal arbeide aktivt for å forbetre vårt miljøstyringssystem innafor dei prioriterte områda i "Grønn stat": Avfall, transport, energi og innkjøp.

Presisering;

- Utarbeide rutiner for kartlegging av verksemda sin påverknad på indre- og ytre miljø, utarbeide miljøpolitikk for føretaka, setje miljømål for føretaka, utarbeide rutinar for revisjonar og leiinga sin gjennomgang.
- Utarbeide rutinar for korleis ein skal forbetre miljøprestasjonen til føretaka.

*Vi skal tilrettelege for å heve kompetansen innafor miljøvern og motivere alle våre tilsette til å utføre oppgavene sine på ein miljøvennleg måte.

Presisering;

- E-læringskurs 'Ytre miljø' kan gjerast obligatorisk for alle tilsette.
- Miljøseminar på tvers av føretaka berekna på forskjellige yrkesgrupper.

*Vi skal årleg gje våre omgjevnader informasjon om vårt miljøarbeid og miljøresultat.

Presisering:

- Det er her tenkt informasjon ut over tidlegare informasjon i årleg melding, f.eks. eigen miljølink på intra- og internett, eigen årsmelding om miljø.

2. Felles miljømål:

*Helseføretaka i Helse Vest skal i løpet av 2008 innføre kvartalsvis rapportering av:

- avfall (%restavfall)
- energi (kwh pr. m²)
- transport (flyreiser pr. videokonferanse)
- innkjøp (volum miljømerka produkt)

Presisering;

- Dette kan enkelt innarbeidast i rapportane føretaka sender til Helse Vest. Alternativt kan det etablerast ein eigen nettportal.
 - Restavfall kan innhentast gjennom rapport frå mottakar av restavfallet.
 - Energi vert i dag rapportert i Enøk nettverket og kan enkelt hentast frå dette.
 - Transport. Registrering av flyreiser og videokonferansar kan gjennomførast på forskjellige måtar. Her må kvart føretak utarbeide den metodikken som høver best. For eksempel kan flyreiser registrerast gjennom reisebyråa evt. at flyreiser vert koordinert gjennom ein felles 'konto' i føretaka. Videokonferansar kan registrerast gjennom eit elektronisk bookingsystem.
 - Innkjøp. Volum av miljømerka produkt rapporterast av innkjøpsansvarleg i føretaket.
- Føretaka bør i tillegg setje eigne miljømål i forhold til korleis miljø vert teke inn i anbodsutlysingar med påfølgjande kontrakter.

*Gjennomføre interne revisjonar og vurderinger av korleis Helse Vest sin felles miljøpolitikk og krava i "Grønn stat" blir etterlevde.

Presisering;

- Utarbeide sjekkliste for revisjonar.
- Gjennomføre eit bestemt tal revisjonar pr. år. (Avhengig av størrelsen på føretaket.)

*Helse Vest RHF skal tilrettelegge for og fylgje opp at den samla miljøkompetansen i helseføretaksgruppa blir nytta på tvers av helseføretaka.

Presisering;

- Det vert utpeika ein person i Helse Vest som får ansvar for å drive og koordinere miljøkompetansen på tvers av dei lokale føretaka. F.eks. kan Helse Bergen sitt miljøstyringssystem, e-læring og kurs overførast til andre føretak.

*Helseføretaka skal vurdere miljøsertifisering.

Presisering;

- Det er her tenkt miljøsertifisering f.eks etter ISO14001.

Forslag til vedtak:

1. Styret fastset felles, overordna miljøpolitikk for helseføretaka i Helse Vest i samsvar med tilrådinga.
Dei endelige målsettingane for 2008 blir fastsett i Styringsdokumentet for 2008, etter innspeil frå og i samråd med helseføretaka.
2. Styret legg til grunn at helseføretaka vidarefører miljøvernarbeidet i samsvar med dei føringane og målsettingane som har kome til uttrykk i saka.